

BRUKARUTVALET I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF

Protokoll nr. 07/13

Møte 22.10.13

Tilstades: X

Medlemmer:

Hanne-Lilian Søvik, leiar
Edgar Bæverfjord
X Karsten Aak, nestleiar
X Ingrid Løset
X Hilde Marie Kleiven
X Kari Samdal
X Daniel Ask
X Johannes J. Vaag
X Jakob Strand
X Astrid Eidsvik

Varamedlemmer:

Ann Helene Skare
X Atle Tangen
Turid Oldervik
Geir Rørvik
Martin Aanes

Administrasjonen:**Andre:**

Administrerende direktør Dag Hårstad, leiar i Brukarutvalet Cato Johannessen, Christian Olsen, Torbjørn Vorpenes, Frank J. Svendsen og Prosjektleder Livsnær livshjelp Aud Bente Skar frå HMR Aure Rehabilitering.

Sekretariatet:

Helse Møre og Romsdal HF v/konsulent Randi Spjelkavik Ramnefjell

Fråvær: Hanne-Lilian Søvik har meldt fråvær, Edgard Bæverfjord møtte ikkje og har ikkje meldt avbud. Difor var kun ein vara på møtet.

Møtet i Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF vart halde på Molde sjukehus, Sagbakken Hus 2 og starta kl. 10.00.

Nestleiar Karsten Aak leia møtet og ønska medlemmane, administrasjonen, representantar frå Rusbehandling Midt-Norge HF og representant frå Aure Rehabilitering velkomne.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF behandla følgjande saker:

**BU 2013/51 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
UNDERSKRIFT AV PROTOKOLL NR. 06/13 FRÅ MØTE 19.09.13.**

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og sakliste til møte 22.10.13.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkallinga og sakliste til møtet 22.10.13.

Brukarutvalet skreiv under protokoll nr. 06/13 som vart godkjent i møte 19.09.13.

BU 2013/52 ORIENTERINGSSAKER

Samhandlingsprosjekt Livsnær Livshjelp – samhandling og rehabilitering i nærmiljøet

Informasjon om prosjektet Livsnær livshjelp – samhandling og rehabilitering i nærmiljøet v/prosjektleder Livsnær livshjelp Aud Bente Skar – HMR Aure Rehabiliteringssenter. Samhandlingsprosjektet Livsnær Livshjelp omhandlar samhandling for å få rehabilitering i nærmiljøet. Målet er å finne fram til ein samarbeidsstruktur og arbeidsform mellom helseforetak og kommune for å fremme og vedlikehalde funksjonar hjå brukar med behov for tverrfaglig rehabilitering. Det vart avslutta med eit ønske om å ha ein representant frå Brukarutvalet med i fagrådet i prosjektet som dei har. Brukarutvalet er glad for at prosjektet er kommet i gang og Brukarutvalet hadde håpt på at fleire kommunar kunne delta på dette feltet. Utnemning av brukarrepresentant bør bli utnemnt, og forslaget er at Johannes J Vaag stiller som representant for Brukarutvalet for Møre og Romsdal.

Forslag til vedtak:

Brukarutvalet for Møre og Romsdal, vedtek at Johannes J Vaag stiller som representant. Johannes J Vaag seier seg villig til å stille som representant for Brukarutvalet for Møre og Romsdal.

Integrering av rusforetak i helseforetak – orientering frå Brukarutvalet i Rusbehandling Møre og Romsdal HF

Administrerende direktør Dag Hårstad, leiar i Brukarutvalet Cato Johannessen, Torbjørn Vorpenes møtte som representantar frå Brukarutvalet for Rusbehandling Midt-Norge HF (heretter RBU)

Det vart gått igjennom ein presentasjon som fortel kor det er etter ei 10 års utvikling. Presentasjonen omhandla integrering av rusforetak i helseforetak og arbeidet framover for integrering av rusforetak i Møre og Romsdal. Presentasjonen vil bli utsendt i etterkant.

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringssakane til etterretning.

Vedtak:

Brukarutvalet for Møre og Romsdal er samde i å støtte Brukarutvalet i rusforetaket om at Brukarutvalet i Møre og Romsdal må utvidas med 2-to brukarrepresentantar frå rusområde med virkning frå 01.01.14.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringssakane til etterretning.

BU 2013/53 ORIENTERING OM SAKER TIL STYREMØTE 24.10.13.

Innstilling:

Administrerende direktør Astrid Eidsvik informerte om mellom anna dei utfordringar det er på grunn av mangel av spesialistar på områdar innan lunge, hjarte og gastro. Det har og vært meir avvik i det siste blant anna på grunn av vikarar i helseforetaket. Det vart informert om at det tross alt utfordringar helseforetaket har, så leveras det godt.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek styresakane som blir lagt fram for behandling i styret for Helse Møre og Romsdal HF i møte 24.10.13., til orientering.

Vedtak:

Jakob Strand frå Brukarutvalet kan stille som representant på styremøtet i helseforetaket 24.10.13.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek styresakane som blir lagt fram for behandling i styret for Helse Møre og Romsdal HF i møte 24.10.13., til orientering.

BU 2013/54 VIDARE ARBEID MED UTFORDRINGSBILETE FOR HELSE MØRE OG ROMSDAL HF

Innstilling:

Vedlagt følger styresak 2013/63 – Vidare arbeid med utfordringsbilete for Helse Møre og Romsdal HF

Styret skal behandle saka i styremøtet 24.10.13.

Forslag til vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF viser til tidlegare prinsippsak i forhold til bærande element, i forhold til dei utfordringar helseforetaket stårP foran i dag. Ein viser til kompetanse, kvalitative gode tilbod, tryggleik og robuste fagmiljø som særdeles viktige element relatert til desse utfordringane.

Brukarutvalet sluttar seg til Administrerande Direktør si innstilling til styret i sak 2013/63 - Vidare arbeid med utfordringsbilete for Helse Møre og Romsdal HF.

BU 2013/55 HØRING – KAPASITET OG BASESTRUKTUR – FRAMTIDIG LUFTAMBULANSE

Innstilling:

Vedlagt følger styresak 2013/65 – Høring – kapasitet og basestruktur – Framtidig luftambulanse.

Styret skal behandle saka i styremøte 24.10.13.

Protokoll:

Brukarutvalet henvisar til Adm. Direktør Astrid Eidsvik og Fagdirektør Odd J. Veddeng si innstilling til styresak 2013/65 – Høring – kapasitet og basestruktur – Framtidig luftambulanse. Brukarutvalet presiserar at det bør satsas på at det bør bli fleire ambulansar framfor helikopter. Men dersom det skal bli fleire helikopter bør det bli plassert i Helse Møre og Romsdal, for å korte ned reisetid på blant anna hjartepasientar.

Forslag til vedtak:

Brukarutvalet henvisar til Adm. Direktør Astrid Eidsvik og Fagdirektør Odd J. Veddeng si innstilling til styresak 2013/65 – Høring – kapasitet og basestruktur – Framtidig luftambulanse. Brukarutvalet presiserar at det bør satsas på at det bør bli fleire ambulanser framfor helikopter. Men dersom det skal bli fleire helikopter bør det bli plassert i Helse Møre og Romsdal for å korte ned reisetid på blant anna hjartepasientar.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF sluttar seg til administrerande direktør si innstilling til styret i sak 2013/65 - Høring – kapasitet og basestruktur – Framtidig luftambulanse.

BU 2013/56 EVENTUELT

Det var ingen saker under eventuelt. .

BU 2013/57 GODKJENNING AV PROTOKOLL NR. 07/13 FRÅ MØTE 22.10.13.

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 07/13 frå møte 22.10.13.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 07/13 frå møte 22.10.13.

Møtet slutt kl. 15:05

Atle Tangen

Ingrid Løset

Hilde Marie Kleiven

Daniel Ask

Jakob Strand

Johannes J. Vaag

Karsten Aak

Kari Samdal